



Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet. 2023-2026

Bilete frå den nye Makkenparken på Mjøsvang



Rullering av plan 05.november 2024- godkjent i Formannskap.

1 Forord – plan for idrett, fysisk aktivitet og kultur

Planen skal vere eit verktøy for å styre utviklinga av anlegg og område for idrett og friluftsliv. Planen har som formål å bidra til å oppretthalde og styrke befolkninga sin fysiske aktivitet som vidare fører til betre fysisk og psykisk helse.

Kulturdepartementet stiller krav om at kvar kommune utarbeider ein tematisk kommunedelplan for fysisk aktivitet som grunnlag for behandling av spelemidlar.

- Planen må vere i tråd med myndigheitene sine krav til kommunedelplan for idrett og friluftsliv.
- Registrere noverande anlegg og aktivitet i kommunen
- Analysere langsiktige og kortsiktige anleggsbehov med tanke på sikring av areal og utbygging av anlegg.
- Setje opp ei prioritert liste over utbygging dei næraste fire åra med overslag over kostnader og finansiering.
- Rekne og gje eit overslag over driftsinntekter og driftskostnader (anlegg)

Planen byggjer vidare på eksisterande plan: Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2019 – 2022.

Vangshallen/fleirbrukshallen i saman med eksisterande anlegg og det rikhaldige friluftslivtilbodet i Vang, er ein viktig del av bebruarane sin kvardag i forhold til idrett og fysisk aktivitet i kommunen. Denne planen har som mål å byggje vidare på dette gode arbeidet.

Vang kommune er veldig godt nøgd med den frivillige innsatsen som blir gjort innafor arbeid i idrettslaga rundt om i kommunen.

Planen vart godkjent i Vang kommunestyre 15.desember 2022.

2 Samandrag

Kapittel 3 til 6 tek for seg omgrep og bakgrunn for planen og politiske målsettingar for Vang kommune. Gjennomføring av førre plan har fått plass i kapittel 7, og her er vi nøgd med at mykje har kome på plass i denne perioden. I kapittel 10 viser vi fram det Vang har å tilby innan fysisk aktivitet og friluftsliv. Kapittel 11,12 og 13 viser behov for anlegg, og her er ei liste over dei anlegg som er planlagde og dei som ligg meir på idestadiet. Vi avsluttar med kart over planlagde anlegg og eksisterande anlegg.

3 Innhald

1	FORORD – PLAN FOR IDRETT, FYSISK AKTIVITET OG KULTUR.....	2
2	SAMANDRAG.....	2
3	INNHALD.....	3
4	INNLEIING.....	4
4.1	BAKGRUNN FOR PLANEN.....	4
4.2	KLARGJERING AV OMGREP.....	4
5	UTVIKLINGSTREKK I KOMMUNEN.....	5
6	VANG KOMMUNE SIN IDRETTS- OG FRILUFTSPOLITIKK.....	5
6.1	OVERORDNA MÅL MED PLANEN.....	6
6.2	DELMÅL.....	6
6.3	PRIORITERTE MÅLGRUPPER.....	7
6.4	STRATEGI FOR Å NÅ MÅLA.....	7
7	GJENNOMFØRING AV PLANEN FRÅ 2019-2022.....	7
7.1	RESULTATVURDERING.....	7
	<i>Nærmiljøanlegg.....</i>	8
	<i>Ordinære anlegg.....</i>	8
	<i>Rehabilitering av anlegg.....</i>	8
	<i>På tur i Vang.....</i>	8
8	FORHOLD TIL ANDRE KOMMUNEPLANAR.....	8
9	PLANPROSESS.....	9
10	OVERSIKT OVER EKSISTERANDE TILBOD I VANG KOMMUNE.....	9
10.1	OVERSIKT OMRÅDE FOR OMRÅDE.....	9
	<i>Filefjell.....</i>	9
	<i>Øye – Øvre dalen.....</i>	10
	<i>Vang.....</i>	10
	<i>Åsvang/Heensåsen.....</i>	11
	<i>Høre/Ryfoss.....</i>	11
	<i>Raudalen.....</i>	12
10.2	SKULE/BARNEHAGE.....	12
10.3	EIGENORGANISERT FYSISK AKTIVITET.....	12
10.4	KVA STATISTISK MATERIALE HAR VI PÅ UNGDOM OG AKTIVITET?.....	13
10.4	TOPPIDRETT.....	14
10.5	DEN KOMMERSIELLE TRENINGSMARKNADEN.....	14
10.6	TILRETTELEGGING FOR FRILUFTSLIV.....	14
11	ANALYSE AV BEHOVET FOR AKTIVITET OG ANLEGG.....	15
12	HANDLINGSPROGRAM FOR ANLEGG OG OMRÅDER.....	16
	INNSPEL FRÅ IDRETTE OG ANDRE AKTØRAR.....	16
13	LANGSIKTIG DEL.....	17
14	KART.....	17

4 Innleiing

4.1 BAKGRUNN FOR PLANEN

I Vang er mange engasjerte i idrett og driv fysisk aktivitet i sin fritid, noko som vil vera med på å gje ein god helsegevinst for fleire. Det er viktig at det er god planlegging i frå Vang kommune slik at ein kan ta vare på desse interessene i arealforvaltning, og få til ei fornuftig tilrettelegging og organisering av dei ulike aktivitetane. Vang er ei lita kommune og det gjev utfordringar i høve til breidde i aktivitetar. Likevel må vi kunne seie at aktivitetsnivået er stort, men det er framleis viktig å legge gode planar for å oppretthalde, skape og drive idrett og fysisk aktivitet.

Ein kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet er eit politisk dokument, og skal vere eit styrande reiskap for å oppnå kommunen sine målsetjingar på feltet.

Det er eit krav om at revisjon av planen skal skje kvart fjerde år, og den nye planen vil gjelde for perioden 2023-2026. Kommunedelplanen er utarbeidd i tråd med Kulturdepartementet sin rettleiing ”Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet”.

Kulturdepartementet set og som krav at ein må ha ein godkjent kommunedelplan som omhandlar idrett og fysisk aktivitet for å kunne søke om statlege spelemidlar.

Det skal være årleg rullering av planen, i samarbeid med Idrettsrådet i Vang. Innspel skal sendast inn til etat for Utdanning og kultur innan utgangen av august, årleg.

4.2 KLARGJERING AV OMGREP

- IDRETT

Idrett er aktivitet i form av konkurranse, eller trening i den organiserte idretten.

- FYSISK AKTIVITET

Fysisk aktivitet er eigenorganiserte trenings- og mosjonsaktivitetar, som friluftsliv og aktivitetar prega av leik.

- FRILUFTSLIV

Miljøverndepartementet definerer friluftsliv som opphald og fysisk aktivitet i friluft i fritida, med sikte på miljøforandring og naturoppleving. Kulturdepartementet har valt å la friluftsliv gå inn i omgrepet fysisk aktivitet.

- ORDINÆRE ANLEGG

Med ordinære anlegg meina ein anlegg for organisert og eigenorganisert idrett og fysisk aktivitet.

Maksimal stønadsgrense varierer frå anlegg til anlegg. Informasjon om dette finn ein her: [Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2024](#)

- NÆRMILJØANLEGG

Nærmiljøanlegg er anlegg eller område utandørs tilrettelagt for eigenorganisert fysisk aktivitet. Ligg som oftast i tilknytning til bu- og eller opphaldsområde. Anlegga skal være fritt tilgjengeleg og i første omgang retta mot barn og ungdom. Anlegget skal ha universell utforming.

Hovudregel er at statlege spelemidlar dekker 50% av totalkostnad, og her er maksimal stønadsgrense kr 300 000,-. Nedre godkjende kostnadsramme er kr 50 000,- medan øvre kostnadsramme er kr 600 000,-


Det kan søkast om tilskudd til nærmiljøanlegg som er fritt, allment tilgjengeleg for eigenorganisert idrett og fysisk aktivitet. Målgruppa er særleg barn og ungdom (6-19 år), men også lokalbefolkninga for øvrig. Eksempler på godkjente anleggstyper følger av pkt. 3.6. Det kan søkes om tilskudd til rehabilitering av nærmiljøanlegg etter nærmer bestemmelse i pkt. 3.4 bokstav b. Tilskudd gis kun til nærmiljøanlegg der kostnader som kan søkes dekket av tilskudd overstiger kroner 50 000 (minimumstilskudd kr 25.000).

For meir informasjon sjå [Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2024](#)

5 Utviklingstrekk i kommunen

I forhold til folketalet må ein seie at aktivitetstilbodet for born og unge i Vang er godt. Det blir arbeidd godt rundt om i laga, men og utanfor organiserte lag er det god aktivitet. Ei utfordring i Vang er overvekt og vedvarande lav inntekt. I følge oppvekstprofilen til Vang lev 17% av barn og unge (0-17 år) i ei vedvarande låginntekt hushald. Landsgjennomsnittet ligg på 12% og fylket på 13%. I tillegg har Vang ein større del barn med barneverntiltak (7,3%) samanlikna med landet som heilheit (4,2%). Å delta i felles fritidsaktivitetar, enten organisert eller uorganisert i nærmiljøet er viktig for å førebygge overvekt og skape fellesskap, identitet og meistring. Undersøkingar viser at unge som har tilgang på færre økonomiske ressursar heime i mindre grad deltar i organiserte fritidsaktivitetar. Foreldrenes økonomiske ressursar har sær stor betydning for barnas deltaking i idrett. En veit at menneske med høg sosioøkonomisk status i større grad deltek i idrett og er meir fysisk aktive enn dei med lågare sosioøkonomiske ressursar

Overvekt og fedme, selvrapportert ved sesjon 1 – kjønn samlet, overvekt inkl. fedme



6 Vang kommune sin idretts- og friluftspolitikk

Vang kommune sin visjon er at kommunen skal vere ei god kommune og vekse opp i, med gode tenestetilbod og aktive lokalsamfunn der kultur, nærleik, tradisjonar, mangfald og

samarbeid står i fokus. Innbyggjarane og tilreisande skal oppleve trivsel og ei kjensle av å høyre til.

For å kunne jobbe med målet om at Vang kommune skal bidra til auka fysisk aktivitet for alle i kommunen, må idretts- og friluftspolitikken rette fokus mot å minske barrieren for deltaking, spesielt for dei med låg sosioøkonomiske ressursar. Dette kan tas tak i ved rimelege aktivitetstilbod som innbyr til fysisk aktivitet og som er universelt utforma.

- Langsiktig anleggsbehov: nærmiljøanlegg → for eks utvikling av Makkenparken
- Prosjekt inkluderande frivilligheit
- Leve heile livet
- Tiltak retta mot friluftslivet som sti og løypeplanar

Skule- og barnehagekvardagen skal leggjast opp med fokus på gode mellommenneskelege tilhøve, gode sosiale evner, sunn kost og fysisk aktivitet. Det skal leggjast til rette for at ungdom får høve til aktivt å ta del i utviklinga av Vang. Det er ønske om god dialog med ungdomsrådet og med ungdommar som har starta på vidaregåande skule. Det er viktig at dei får så positive opplevingar med å vekse opp i Vang at dei ynskjer å koma attende.

God dialog med alle brukargrupper i alle aldrar er viktig i dette arbeidet.

Utdanning og kultur ved leiargruppa vil og sjå på om det er mogleg å få til gode praktiske løysingar rundt det å leggje til rette for aktivitet i **Vangshallen rett etter skuletid**, dette er kome inn som eit ønske under høyringa av denne kommunedelplanen.

6.1 OVERORDNA MÅL MED PLANEN

Det overordna målet med denne planen er:

Vang kommune skal bidra til auka fysisk aktivitet for alle i kommunen.

Generelt er fysisk aktivitet ei kjelde til helse og livskvalitet og viktig for å oppretthalde god funksjonsevne. Fysisk aktivitet med normal intensitet i ein halvtime om dagen vil gi ein stor helsegevinst. Dette kan være aktivitetar i kvardagen som til dømes rask gange. Aktiviteten kan ein gjerne dele opp i bolkar på 10 – 15 minutt, og helsegevinsten veks i takt med aktivitetsnivået.

Når det gjeld ungar bør dei vera aktive i minst 60 minutt kvar dag.

Eit viktig mål blir derfor å aktivisere dei inaktive. Tilrettelegging er viktig slik at det blir enklare for alle grupper å komme seg ut og være fysisk aktive.

6.2 DELMÅL

Eigenorganisert fysisk aktivitet

- Legge til rette for eigenorganisert fysisk aktivitet i alle delar av kommunen.

Tiltak retta mot friluftslivet:

- Sikre at det er nok tilgjengeleg friområde i arealplanar, spesielt viktig i utbyggingsområde.
- Med ein visjon om at det skal være mogleg for alle å utøve fysisk aktivitet er det viktig å

ha gode tilgjenge for dette i nærleiken av der folk bor. Attraktive område og anlegg i nærmiljøet stimulerer til spontan aktivitet og skaper låg terskel for å komme seg ut og i aktivitet.

- Legge til rette for aktivitetar med låg terskel slik at fleire kan bli fysisk aktive

Folkehelse:

Fysisk aktivitet er ein viktig del av folkehelsearbeidet, og Vang kommune har som mål å medverke til at flest mogleg skal kunne drive idrett og fysisk aktivitet. Innan folkehelsearbeidet skal ein medverke til dette ved å stimulere til samarbeid og samhandling på alle nivå i kommunen. Etter folkehelseplan for Vang 2015 -2018 er ønske framleis fokus på aktivitet og friluftsliv i barnehage og skule og å oppretthalde Fysak og FriNat i skulen.

- Innan folkehelse gjeld framleis to hovudmål frå den sentrale planen:

Hovudmål 1: Auke talet på barn og unge som er fysisk aktive i minst 60 min. kvar dag

Hovudmål 2: Auke talet på vaksne og eldre som er moderat fysisk aktive minst 30 – 60 min. kvar dag.”¹

Toppidrett:

Legge til rette for dei som ynskjer å utøve toppidrett i Vang. Sjølv om ein i hovudsak rettar fokus mot dei som utøver breiddeidretten er det også viktig å legge til rette for toppidrett, ikkje minst gjennom å skape gode rollemodellar.

Anleggsutbygging:

Utbygging av anlegg og tilrettelegging av aktivitet skal skje med tanke på alle brukargrupper. Fleirbrukshallen på VBU og gymsalar i alle krinsane blir sentrale i Vang sin tilrettelegging for fysisk aktivitet i framtida.

6.2 PRIORITERTE MÅLGRUPPER

Born i aldersgruppa 6-12 år og ungdom mellom 13-19 år er i hovudmålgruppa. Vi må ha desse i tankane når vi bygger ut anlegg og legg til rette for aktivitet.

Det er og viktig å få med alle i Vang til fysisk aktivitet, og då er det viktig med aktivitetar med låg terskel slik at fleire blir inspirerte til å delta.

6.3 STRATEGI FOR Å NÅ MÅLA

Vang kommune sin satsing på Fleirbrukshallen på VBU var eit stort løft for å legge til rette for fysisk aktivitet for alle i Vang. Alle elevane har gode høve for fysisk aktivitet her i skuletida. Det er også viktig å setje av nok areal i dei ulike delane av kommunen til å utøve friluftsliv og fysisk aktivitet.

For å betre kvaliteten på idretten er det også høve til å søkje støtte til utdanning av instruktørar.

7 Gjennomføring av planen frå 2019-2022

7.1 RESULTATVURDERING

Vangshallen var det store løftet i førre perioden, denne er no ferdig. Makkenparken på Mjøsvang vart veldig bra, og vil bli viktig for barn og unge i Vang. Det har og vore arbeid

med utbetring av klubbhus på Tveit stadion, og dette arbeidet vert ferdiggjort i 2022. Det er eit stort prosjekt på gang i Kvamskleive, og her vart ein liten del av det ferdig i 2020. Resten er planlagt ferdig i 2023.

Her følgjer ein oversikt:

Nærmiljøanlegg

1. Skateboardanlegg på VBU – Vang kommune

Ferdig år:	Kommunalt tilskott	Spelemidlar	Eigeninnsats	Totalt
2019	25 000,-	25 000,-	-	50 000,-

2. Makkenparken på Mjøsvalg – Vang il.

Ferdig år:	Kommunalt tilskott	Spelemidlar	Eigeninnsats	Totalt
2021	75 000,-	299 000,-	223 750,-	597 750,-

Ordinære anlegg

3. Restaurering av Kvamskleive – Kongevegen over Filefjell – Kvamskleivas venner/SVV

Ferdig år:	Kommunalt tilskott	Spelemidlar	Eigeninnsats	Totalt
2019	51 000,-	0,-	444 950,-	495 950,-

Rehabilitering av anlegg

4. Utbetring av klubbhus på Tveit stadion – FK Vang – Her er ikkje spelemidlane innhenta, men rehabiliteringa er ferdig.

Ferdig år:	Kommunalt tilskott	Spelemidlar	Eigeninnsats	Totalt
2022	51 000,-	(51 000,-)	50 875,-	152 875,-

Andre planlagde prosjekt:

På tur i Vang

5. Tangadn - Strø

2020 delvis ferdig. Noko er att.	Sykkelstig Nærmiljøanlegg	Tangadn - Strø	Valdres friluftsråd	Dugnad og samarbeid.	VNK, Gjensidigestiftelsen og Vang kommune
----------------------------------	---------------------------	----------------	---------------------	----------------------	-------------------------------------------

6. Kongevegen over Filefjell har gradvis blitt betre, og har og vunne to prisar.

7. Tidlegløype på Filefjell. Ikkje gjennomført.

8. Bane for leirdueskyting i Rødalen. Ikkje gjennomført. Vang jeger og fiskarlag.

8 Forhold til andre kommuneplanar

Eventuelt nye anlegg må avklarast opp mot kommuneplan/ andre arealplanar for Vang kommune. Dei økonomiske føresetnadene i planen må innarbeidast i Vang kommune sin økonomiplan.

9 Planprosess

Arbeidet med denne planen har skjedd i samarbeid med Vang idrettsråd, frivillige lag, skulane og barnehagane i Vang kommune. Oppstart av planarbeidet har vore annonsert slik at alle fekk høve til å koma med innspel. Planen vart vidare lagt fram for formannskapet i oktober, og deretter lagt ut til offentlig høyring i fire veker. Revidert plan vart behandla i kommunestyret desember 2022.

10 Oversikt over eksisterande tilbod i Vang kommune

Tabellen syner ei oversikt over dei ulike idrettslaga og aktivitetstilbodet statusoversikt i 2022:

Organisasjon	Medl.	Aktivitet
Vang skyttarlag	135 (ca)	Deltek på skytestemner, jaktprøver, jegerprøver, baneskyting, lagmeisterskap, skytingens dag og treningsskyting.
Høre og Ryfoss idrettslag	118	Allidrett (3 aldersgrupper for barn), familiedag på Eggeåsen, slettefjellrenn med Fjellblom i.l, svømming, nissemarsj, zumba, trugetur, pilates, step, innebandy og karatetrening. Frisbeegolf i Ryfoss.
Jotunheimen idrettslag	15	Allidrett barn, sirkeltrening og innebandy for vaksne.
Fjellblom idrettslag	229	Lysløyperenn (kretsrenn og klubbrenn), bading på VBU, volleyballtrening, skitrenning, skisportens dag, slettefjellrennet, familieorientering, stolpejakt og laget driftar Slettefjellet skiløyper.
Vang idrettslag	177	Handball, volleyball, aerobic, vanntrim, alpintrening, BMX trening, miniatyr og pistolskyting.
F.K. Vang	80	A-lag for menn, aldersbestemte lag, cup for barn, deltaking i fotballturneringa.
Vang jeger og fiskarlag	-	Jegerprøvekurs, legge til rette for utøving av jakt- og sportsskyting med hagle og rifle, familiefiskedag og fluekastarkurs.
Vang klatreklubb	152	Klatring tre kveldar i veka, brattkortkurs, barneklatring. Vedlikehald/drift av klatrevegg.
Vang turlag	250 (ca)	Turar i nærmiljøet i Vang og andre nærliggjande kommunar. Turtrimmen. Er underlagt DNT

10.1 OVERSIKT OMRÅDE FOR OMRÅDE

Filefjell

Filefjell er eit tyngdesenter i Vang for turisme og friluftsliv. På Filefjell er det eit stort omfang av løyper for skitur, alpint og friluftsliv. Utvikling av dette området skjer i dialog mellom turistnæring, Den norske turistforening (DNT), idrettslag i området samt Vang kommune. Eit eksempel på slikt samarbeid er at i skiheisen på Filefjell har Vang il laga til lysanlegg og tidtakarbu/klubbhus. Røde kors og Vang il har og hytte i her som går under namnet «Hytta i bakken».

På Filefjell har hyttemiljøet etablert Filefjell orienteringsklubb og Tyin il, og sistnemnte har laga til stolpejakt i området.

Øye – Øvre dalen

Øye

I Øye ligg samfunnshuset med nokre leikeapparat på utsida. Gymsalen her er viktig for eit lokalt lågterskeltilbod og er flittig i bruk. Huset er plassert mellom lokal veg, dyrka mark og ei elv og har dermed avgrensa uteområde. Kongevegen over Filefjell har eit viktig punkt i Øye, og her er det eit knytopunkt for mange friluftsturar.

Øvre dalen

Jotunheimen il eig lysløypa i Øvre dalen, og laget har drift av grendehuset. Laget har gjort eit flott vedlikehald av klubbhuset, og dei har bygd ballbinge/løkke med kunstgras ved sia av klubbhuset.

Rødalen skytebane

I Rødalen er det stor aktivitet på skytebanen. Dei har eit elektronisk skiveanlegg på 100 meter (2006) og 200 meter (2013). Det er og elektronikk på bevegeleg viltmål (løpande elg). Dette er særst bra for miljøet og trivsel på Rødalen.

Ønsker og areal til leirdueskyting knytt opp mot denne banen.

Vang

Vangshallen (sjå www.vangshallen.no)

Ved VBU ligg Vangshallen, som har handballstorleik og ein flott klatreveggavdeling. Der er det og styrketreningsrom og speilsal til danseaktivitet. Uteområdet på VBU har grasbane, asfaltert handballbane og kunstgrasbane med klatrevegg/ballvegg.

Symjehallen

Under utbygginga av Vangshallen, vart den gamle symjehallen rehabilitert og det vart laga til terapibasseng knytt opp mot dette arbeidet. Bebuarar i Vang med revmatiske utfordringar har fått eit etterlengta tilbod via dette terapibassenget.

Innandørs skytebane

Skytebanen i kjellaren på VBU er jamleg i bruk, og Vang miniatyr- og pistolklubb (under Vang il) har planar om å utvide kapasitet på banen og å gå over til å bruke elektroniske løysingar.

Skatepark på VBU

Anlegget er no rehabilitert ved lokale eldsjeler og har blitt eit bra BMX og sykkeltilbod i Vang.

Makkenparken på Mjøsvang

I Makkenparken kan no Vang il tilby eit veldig bra anlegg for BMX sykling og ein grasbane. Det er asfaltert inn til aktivitetane og dermed tilrettelagt for rullestolbrukarar, samt at det er laga til ein jordvoll for å skjerme aktivitet mot E 16. Det vart brukt over 495 dugnadstimar på parken

Turløype - sti

Det er tursti opp til Fugleberg, der det og er ei grillhytte. Det er og tursti opp til utsiktspunktet Hagfellknuppen ved Berge-/Stelegardane.

Området Grindafjellet har oppkøyr turløypenett på vinteren, og dette er om lag 55 km. Dette er linka saman med løypenettet i Vestre Slidre. Hugakøllen er eit omtykt turmål i Vang.

Aktivitetspark ved Vang kommunehus

Ved Vangsmjøsa bak Vang kommunehus er det ein aktivitetspark med apparat for alle aldrar og som kan brukast til eigentrening og gruppetrening. Frå før står det ei badstove i same området.



Bua i Vang

I den gamle Drengestøga er Bua i Vang etablert med gratis utlån av utstyr til friluftsliv, leik og idrett. Bua vert drifta av Vang frivilligsentral.

Petanquebane

Bak Drengestøga er det laga til ein Petanquebane. Dette har vore eit ynskje over lang tid, og som no er realisert.

Åsvang/Heensåsen

Åsvang skiløyper

Hausten 2014 var utvidinga av lysløypa på Åsvang til 4 km ferdig. Det er eit ynskje om fastare dekke i traseen slik at den i større grad kan nyttast som turløype også når det ikkje er snø. Slettefjell skiløyper køyrer løyper mot Eggeåsen og mot Fjellsendin. Det er stor aktivitet i løypene til Fjellblom il på Åsvang, og dette er eit bra tilbod for å aktivere born og vaksne i Vang. I samarbeid med Tyin il vart det etablert stolpejakt i 2021.

Åsvang skule/grendehus

Her har vi tilgang til eit flott friluftsområde og eit godt tilrettelagt uteområde til leik. Inne i grendehuset er ein gymsal. Gapahuk og skileikanlegg i nærområdet.

Sandvolleyballbanen

Anlegget ved Nørsvinsfjorden med sandvolleyballbane og brygge har vorte eit populært og mykje nytta område. Det er no og toalettanlegg ved denne sandvolleyballbanen.

Thorpe grendehus - eigd av Thorpe grendalag

Vang il har etablert seg med BMXsykling inne i andre etasje. Huset vert og brukt til aktivitetar for pensjonistar.

Høre/Ryfoss

Gangvegen mellom Høre og Ryfoss har vore ein katalysator for mykje aktivitet og lokal tilrettelegging i dette nærområdet. Mellom anna er det gapahuk ved Riddarberget, mosjonsapparat langs gangvegen og Utsikten lysthus er tilrettelagt med straum, grue og grill.

Her er det lagt opp til ei rundløype der ein får med alt dette. Her er og kulturløypa med Høre barnehage som utgangspunkt.

Høre og Ryfoss il har ansvaret for mykje aktivitet i denne delen av Vang.

Ryfoss vel har etablert Stolpejakt i 2022 samt at det er etablert Discgolf i området.

Tveit stadion

Fotball er ein aktivitet som fangar opp svært mange i Vang, frå dei aller yngste til vaksne.

Det var eit stort steg 25.aug 2007, då den nye kunstgrasbanen på Tveit stadion vart opna. Den har fungert veldig bra, og er blitt eit flaggskip for Vang kommune.

Banene vert drifta av FK Vang.

Banen er og laga til for undervarme som leiinga på Tveit stadion ønsker å få til når forholda ligg til rette for det.

Raudalen

I Raudalen er det eit godt besøkt alpinsenter og her er og gode høve for turar sumar og vinter.

10.2 SKULE/BARNEHAGE

Skulen og barnehagen er ein viktig arena for utøving av fysisk aktivitet. Barnehagane i Vang ynskjer at barna skal få gode erfaringar med friluftsliv og uteliv til ulike årstider. Variert fysisk aktivitet har svært mykje og seia for fysisk helse, psykisk helse, utvikling av motoriske ferdigheiter og kroppskontroll.

Barna skal få moglegheit til å bli kjende med planter og dyr, landskapet, samt dei ulike årstidene og veret. Barnehagen oppsøker naturskjønne område i Vang for læring, utvikling og stimulering av dei ulike fagområda. Turmål kan vera i nærområdet og nokre gonger reiser dei til fjellområda i kring. Barna vil få rikt høve til å utvikle seg grovmotorisk i aktivitetar og leik ute. Leike og herde seg i eit vent og vakkert landskap er med på å legge grunnlag for framtida. Barnehagen ynskjer og å gje barna rikt høve til å delta i lokal kultur og tradisjonar med turar langs Kongevegen og andre turmål, samt deltaking i gardsliv, buføring og stølsbesøk.

I skulen i Vang blir det gjort mykje for å vekkje og halde ved like interessa for friluftsliv.

Elevane har skule ute, og gjennom FRI-NAT får mange ungdomar fine naturopplevingar der progresjonen spenn frå enkle uteaktivitetar til avansert vinterfriluftsliv over fleire dagar.

Miljø, meistring, integrering, samarbeid og ansvarskjensle er stikkord i FRI-NAT. FYSAK er for alle elevar frå 5.klasse og oppover. Det er og valfag på ungdomskulen med fysisk aktivitet og helse.

10.3 EIGENORGANISERT FYSISK AKTIVITET.

Dei organiserte laga innafor idrett i Vang legg opp til mykje aktivitet for dei som bur i Vang, men det er og aktivitet som ikkje er organisert i desse laga. Dette gjeld mellom anna eldre som går tur til og frå Drengestøga kvar onsdag, og i Ryfoss er det tur kvar tysdag for alle aldrar.

Arbeidsplassar for ungdom med stigrydding i sommarhalvåret er eit anna positivt tiltak som er med å stimulere til auka interesse for friluftsliv for dei unge i kommunen.

Det er også mange i Vang som er ute på tur i skog og mark. Turgåing, sykkel, skiaktivitetar, jakt og fiske aktiviserer mange, og er viktige aktivitetar i Vang. Desse kan mellom anna bruke Kongevegen, Mjølkeruta og Stølsruta.

Aktivitetspark på nedsida av kommunehuset og trimløype i Ryfoss er gode eksemplar på tilrettelegging for eigenorganisert fysisk aktivitet.


10.4 KVA STATISTISK MATERIALE HAR VI PÅ UNGDOM OG AKTIVITET?

I ei spørjeundersøking for ungdom i Vang frå 2002 var fotball den mest gjeve fritidsaktiviteten, og i ei undersøking frå 2014 var det framleis fotball men og snowboard var gjevt. I 2014 så var det og spørsmål om ønska aktivitet, og der kom håndball og klatring øvst. Ein statistikk frå ASAK (Aktivt sinn – aktiv kropp) i 2017 viste 40 % av ungdom i Vang brukte tre til fem timar kvar dag framfor skjerm. Dette var likevel ein nedgang samanlikna med ei undersøking i 2015.

Her ser vi ei undersøking som er gjort på VBU hausten 2022.


7.klasse – 9 gutar og 7 jenter

2. Kor mange timar bruker du framfor skjerm kvar dag? (0 poeng)




8.klasse – 7 gutar og 10 jenter

2. Kor mange timar bruker du framfor skjerm kvar dag? (0 poeng)



9.klasse – 10 gutar og 8 jenter

2. Kor mange timar bruker du framfor skjerm kvar dag? (0 poeng)




Her ser vi at i 7.klasse har 8 stykke brukt 4 t kvar dag framfor skjerm, i 8.klasse 3 stykke brukt 6 t kvar dag og 10.klasse har 6 stykke brukt 6 t kvar dag.


Dette er ganske mykje tid framfor skjerm, og det verkar og som den tida går opp.

Dei same vart og spurt kva for idrett dei driv med, og her er det ein stor del som sparkar fotball i 7.klasse medan i 9.klasse så er den største gruppa dei som ikkje driv med idrett. Dette er alvorleg. Sjå diagram under:


3. Kva for idrettar bedriv du i dag? (0 poeng)



3. Kva for idrettar bedriv du i dag? (0 poeng)



3. Kva for idrettar bedriv du i dag? (0 poeng)



Det er viktig å motivere slik at barn og unge held fram med idrett, denne undersøkinga viser diverre at det er mange som sluttar

10.4 TOPPIDRETT

Toppidrettsutøvarar utgjer ei svært lita gruppe innafor idretten i Vang, likevel har vi nesten kvart år enkelte utøvarar som deltar på nasjonalt nivå innafor sine idrettar. Vi har også hatt eit stafettlag i NM i langrenn. Andre idrettar det har vorte konkurrert i er alpint, telemark, friidrett og sykling.

Som ei oppmuntring deler kommunen ut idrettsstipend kvart år, og ein bør vidare motivere for at lag i kommunen samarbeider for at utøvarar kan nå nasjonalt nivå.

10.5 DEN KOMMERSIELLE TRENINGSMARKNADEN

Ryfoss treningscenter starta i 2004. Medlemmane der har nøkkelkort og kan trene frå 06.00-24.00. Der er mange ulike styrke – og kondisjonsapparat til bruk både med og utan instruktør, og solseng og massasjeseng er og tilbod her. Instruktørar har spinningstimar fleire gonger i veka. Gjennom avtale med Frisklivssentralen er det mellom anna styrke – og balansetrening for seniorar.

Vang treningscenter ligg i Ellingbøbygget i Vang, og dei kan tilby mellom anna; treningsretteleing, styrke- og kondisjonsapparat, spinning, sykkel for godt vaksne, solarium og barne/ungdoms-yoga. Senteret har nøkkelkort, slik at ein kan trene utanom bemanna opningstid.

Alpinbakkane på Filefjell og i Raudalen er og godt besøkte, og viktige for lokalbefolkninga.

Desse tilboda skil seg frå den tradisjonelle idretten ved fråværet av medlemsskap som gir plikter og høve til å være med på avgjerder. Det blir ikkje gitt tilskot frå spelemiddel til idrettsanlegg som er underlagt kommersielle interesser.

10.6 TILRETTELEGGING FOR FRILUFTSLIV

Med store utmarksområde har Vang gode føresetnader for eit yrande friluftsliv. Noko tilrettelegging må likevel til og her er det lagt ned ein stor innsats i eit turstignett med rundt 60 turar. Gjennom arbeidsplassar for ungdom i sumarhalvåret har det vorte rydda og merka omlag 300 km med løyper. I dette løypenetet er det sett opp 62 informasjonstavler med informasjon på tre ulike språk. I tillegg til dette har vi også sett opp omlag 120 skilt med stadnamn.

For å betre på dette tilbodet så har kommunen bygd to skibruer ved undergang på E 16 på Tyinkrysset som eit bidrag for å betre løypetilbodet der.

I tillegg har vi gjennom folkehelsesamarbeid i Valdres motteke omlag 400 skilt via VNK til nye løyper og supplering av eksisterande løyper; som til Kongevegen. Ein del skilt herifrå har også gått til merking av Pilegrimsvegen som går frå Hedalen, gjennom Nord Aurdal- Vestre Slidre og endar på Filefjell. Det er og lagt ut mange klopper i våte område i turløypene i Vang, det er viktig at desse har ettersyn.



Opprusting av Kongevegen over Filefjell gjennom Vang og til Lærdal har gitt bebuarane ein flott og tilgjengeleg turveg. Denne veggen fekk Vakre vegars pris i 2014, og Nostra Award prisen i 2017. Vi vonar at denne veggen kan gje eit løft for turistnæringa i Vang.

Biletet er frå Hagebekkbrue mellom Øye og Øvre dalen.

I 2001 kom Turhandboka for Vang etter fire års arbeid. I denne vesle boka med det hendige formatet kan ein lese meir om dei ulike turane. I 2004 så vart det laga eit turkart som tek utgangspunkt i denne boka.

Vang turlag vart oppretta i 2011, og er eit lag som skipar fellesturar lokalt og i andre nærliggjande kommunar. Dette laget har vorte eit positivt innslag i vårt lokalmiljø, med mellom anna Turtrimmen med 20 flotte turmål. Her det lagt ut turkasse ved måla, der ein og samlar klypp på eit klyppekort.

11 Analyse av behovet for aktivitet og anlegg


Fotball-, langrenns- og alpinanlegg har tidlegare vore satsingsområde i kommune, men no har det og vore ein satsing mot sykkel og BMX. Det er no og satsing på kongeveggen i Kvamskleive, der ein vonar å vere ferdig i 2023. Anlegga har kome i stand med hjelp av statsstøtte (spelemidlar), kommunale midlar, dugnad og gåver.

Det er viktig å femne over alle idrettsomgrep i vår strategi i Vang, der Vangshallen har fleire gode tilbud. Det er og gode tilhøve for BMX sykling og symjing.

Vang har store og gode område for friluftsliv, og det er mellom anna om lag 300 kilometer rydda og merka tursti fordelt utover heile kommunen og om lag 245 km med oppkøyrt løyper på vinterstid.

Det er likevel verdt å merke seg at Vang kommune, private lag og kommersielle aktørar slit med å drifte og halde ved like våre anlegg/turstiar.

Terapibassenget på VBU



Sykling i Vang (bilde Asplund)



12 Handlingsprogram for anlegg og områder

INNSPEL FRÅ IDRETTE OG ANDRE AKTØRAR

På kulturbudsjettet har Vang kommune vil det i neste fireårsperiode vere ei årleg løyving til anlegg for idrett og friluftsliv på kr 300 000,-

Vang kommune kan bidra innafør sine rammer, og stønad vert ei vurdering frå sak til sak.

TILTAK I PLANPERIODEN 2023 – 2026 I PRIORITERT REKKEFØLGJE					
TRULEG BYGGING	ANLEGGSTYPE	STAD	UTBYGGAR	KOSTNAD	FINANSIERING
2023	Utvikling av Kongeveg turstig Kvamskleive – Søndrolskrysset Ordinært anlegg	Kvamskleive	Kvamskleivas venner Vang kommune Statens vegvesen	Kr 1 640 000,- -Sum er utan mva - kommunalt bidrag er frå driftsfond	-Spelemidlar: Kr 820 000,- -Vang kommune: Kr 170 000,- -Statens vegvesen Kr 265 000,- -Andre Kr 385 000,-
2023/24	Miniatyrskytebane i kjellar på VBU Ordinært anlegg -5 stk elektroniske skiver -1 løpende elg 25 m	Vang barne- og ungdomsskule	Vang il ved gruppe for miniatyrskyting	Kr 977 661,-	-Spelemidlar Kr 325 887,- -Vang kommune Kr 325 887,- -Vang il Kr 325 887,-
2023/24	Discgolf i Ryfoss Nærmiljøanlegg	Ryfoss	Høre og Ryfoss il (Søknad er ikkje ferdig)	Kr 403 750,- (Kan bli endring på kostnad og finansiering)	-Spelemidlar Kr 201 000,- -Vang kommune Kr 101 375,- -Høre og Ryfoss il Kr 101 375,-
2025	FK Vang Ordinært anlegg	Lys- og lyd anlegg ved Tveit stadion	FK Vang	Kostnad: kr: 644 470,- Mva 161 117 Totalt: Kr. 806.000	Spelemidlar -Kr 269 000,- FK Vang - Kr 267 587 ,- Vang kommune - Kr 269 000,-
	Tidlegløype/ turløype på Filefjell Ordinært anlegg	Filefjell	Fredensborg Fritid, Tyin og Filefjell turløyper. Vang kommune	Kostnad er ikkje klar enno	Finansiering er ikkje klar enno
	Lysløype i Øvre Dalen Ordinært anlegg	Øvre dalen	Jotunheimen il	Kostnad er ikkje klar enno	Finansiering er ikkje klar enno Vang kommune Kr 250 000,-

Her er det kome inn innspel, som vi trur kan koma mange til gode framover. Dette er innspel som vil vera eit løft for heile Vang kommune.


13 Langsiktig del

ANDRE FRAMTIDIGE TILTAK					
TRULEG BYGGING	ANLEGGSTYPE	STAD	UTBYGGAR	KOSTNAD	FINANSIERING
	Utvikling av utsiktspunkt ved Eltunfossen i Øye	Øye	Nedre dalen vel		Kommune
	Utvikling kongeveg over Filefjell	Filefjell/Vang	Vang kommune		Kommune, lag og spelemidler
	Leirdueskyting	Rødalen	Vang jeger og fiskarlag		Kommune, lag og spelemidler
	Turveg Laglim/Åsvang	Åsvang/Laglim			Kommune, lag og spelemidler
	Heilårs skytebane	Vang kommune			Kommune, lag og spelemidler
	Utvikling av Makkenparken	Mjøsvang	Vang il		Kommune, lag og spelemidler

Dette er ei samleliste på idear som har vore med tidlegare, men som ein ikkje har fått innspel på no.


14 Kart

Oversikt over planlagde tiltak i Vang:



1. Skytebane inne på VBU, Vang miniatyr- og pistolklubb
2. Kvamskleive – del av Kongevegen over Filefjell
3. Tidlegløype/turløype på Filefjell
4. Discgolf i Ryfoss
5. Rulleskibane på Åsvang

Oversikt over eksisterende anlegg:



1. Tveit stadion, kunstgrasbane på Tveitamoen
2. Åsvang skiløyper, skisenter, hoppbakke, o-løype og samfunnshus
3. Ballbinge i Ryfoss
4. Ballbinge i Øvre dalen
5. Alpinanlegg på Filefjell
6. Skytebane i Rødalen i Øye
7. VBU, skytebane inne, skate/sykkelpark, ballanlegg, Vangshallen og Fri-nat område.
8. Tennisbane ved Grindaheim
9. Makkenparken, sykkel og ballbane på Mjøsvang
10. Lysløype på Filefjell
11. Frisbeegolf i Ryfoss
12. Alpinanlegg i Raudalen
13. Sandvolleyballbane ved Nørsvinsfjorden
14. Tursti/mosjonsti i Ryfoss
15. Bru for mosjonistar i Skakadalen
16. Øye samfunnshus
17. Høre samfunnshus
18. Badeplass ved Laglim
19. Haukåsen skisenter